

## ÅRSMELDING 2016

### INDRE HAFSLO BYGDE- OG UNGDOMSLAG

**Styret for 2016:** Morten Listou – *leiar*  
Olav Ugulen – *nestleiar*  
Roger Nesheim – *kasserar*  
Mirjam Tverberg – *sekretær*  
Cecilie Skjerven – *styremedlem*  
Maja Engelke – *styremedlem*  
Mette Østerbø – *styremedlem*  
Torvald Moen – *styremedlem og søknadsansvarleg*  
Håvard Vinda – *styremedlem og bookingansvarleg*

**Valnemnd:** Gro Anita Engen og Nina Høgi.

Indre Hafslo bygde og ungdomslag har i året 2016 hatt eit hovudprosjekt: Få fiber til bygda. Det har vore eit tett samarbeid mellom Sogненett og bygde- og ungdomslaget, som til slutt resulterte i ei stor oppslutning. Me klarte til slutt å verve over 70 fiberabonnoment, med omfanget Haugane, Lambhaug, gamle vegen, Feet, Brekkene, Melheim, Bruheim, Uglo og ned til Livdtun.

#### Dei viktigaste sakene/arrangementa i 2016 er:

1. Syng jula ut
2. Årsmøte
3. Påskekonsert/ allsong med spelemannslaget og gitarkameratane
4. Fibermøter i samarbeid med Sognenett, to møter: vår og haust
5. Julegrantenning
6. Utleige av bygget

## Status for dei einskilde sakene:

*Syng jula ut* vart arrangert for sjette år på rad, og det er moro å høyre kor mange det er som gledar seg til denne dagen! Songarar og spelemenn som stilte var Nora og Håkon Hansen, Even og Baste Antun, Thea og Maria Molland, Lajoma, Spelemannslaget, ei gruppe samansatt av Vilma Voroblevaite, Maria Molland og Olav Rygg, samt gitargutane Inge Ronny Kvåle, Audun og Øystein Moseng.

Dette resulterte i ein nesten fullstappa sal i år og, og det vart ei stemningsfull avslutning på jula 2015. Takk til alle som spelte og song! Også i år var dekka me langbord i salen oppe, og sette ut kake, kaffi og saft på borda. Så hadde me ein kollekt på slutten av arrangementet. Dette gav oss mykje inntekt, meir enn det me ville hatt ved det tradisjonelle kafesalet.

I februar/mars vart det køyrt ut medlemsgiroar til alle husstandane i bygda.

Påskekonserter/ allsong med spelemannslaget og gitarkameratane Øystein, Audun, Roger og Håvard. Kjempesuksess! Full sal med bygdefolk. Torodd Joranger fekk overlevert HMK sin fortjenestemedalje av ordførar Ivar Kvalen. Arrangør: Indre Hafslo bygde- og ungdomslag. Sal av billetter. Som gjengjeld for dugnaden, stilte styret ved IHBU opp som parkeringsvakter under årets julekonserter/allsong av Spelemannslaget i fet kyrkje, 21. og 22. des.

Julegrantenning: Tradisjonen tru med sal av graut, spekemat, saft, gløgg, kaffi og kaker. Allsong i leiinga av Arne Nesheim. Roger leia festen. Kakesal. Hest, nisse og utlevering av godteposar. Frammøtte: Ca. 100-120 pers.

Fiber til bygda: Hovudsatsinga til bygde- og ungdomslaget i samarbeid med Soggenett. Fleire møter, og utkast frå Soggenett. Folkemøte både vår og haust. Frist for innlevering av ferdigskrivne kontraktar: 15. januar 2017

I tillegg til aktivitetane som er lista opp over, har huset i år hatt fleire private arrangement. Huset har vore utleigd til skulen (sosialkveld), 4H fest og private bursdagsfeiringar. I tillegg til dette, har Vårliv 4H hatt sin base her. Dei har fått ein fast leigeavtale og har fått satt opp skåp nede i kjellaren til å ha utstyret sitt. Det er kjekt at det er liv i huset, og at huset kan bli ein samlingsstad for bygdefolket. Spesielt kjekt er det å leige ut huset no, etter oppgraderinga. No gjenstår berre resten...

Sekretær

*Mirjam Tverberg*